



Dirigentane ved Nedre Musland i ettermiddag. Tredjemann er i andre enden av arbeidsområdet

Smalt vegnett, men heldigvis liten trafikk. Det er konklusjonen til Andreas Bjur når han dirigerer trafikken på fylkesvegen opp gjennom dalen i ettermiddag. Trafikkdirigering er ein viktig del av oppgåva når eit vegnett skal asfalterast og det er det som no skjer i Uskedalen. Firmaet Trafikkdirigering stiller med 3 mann og dei verkar rolege og profesjonelle. Så er da også dette kva ein kan kalla eit spesialfirma der marknadsområdet har vore og er trafikkavvikling under vedlikehald av det offentlege vegnettet i landet.

- Vi kan sendast overalt i Noreg, det er eit interessant yrke, tykkjer Bjur som er svensk og har selskap av nordmennene Kjell Einar Sørvik frå Karmøy og Knut Iversen frå Haugesund. Dei bur stort sett på campingplassar når dei er på jobb.

Firmaet starta si verksemd 5 år sidan med base på Jessheim - like ved Oslo Lufthavn - og har førebels konsentrert seg om manuell trafikkdirigering og ledebilkøyring knytta til asfaltleggjing og tunnelarbeid. Målsetjinga var å heva seriøsitet og kvalitet i bransjen og har utan tvil lukkast med det. No er firmaet den klårt største aktøren knytta til dekkeleggjinga til vegvesenet her i landet. Sjølve asfalteringa går også smidig og greitt. Jobben er berekna til å ta 3 dagar og i ettermiddag låg NCC godt an såvidt ein amatør kunne forstå. Strekninga frå Haugland nesten opp til Klammeren og frå Musland nesten ned til klammeren hadde fått det svarte teppet og no kjenner ein seg som ein sikrere sjåfør opp og ned gjennom dalen. No ventar vi spent på neste etappe!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Asfalteringen har gått raskt unna